



Asfalteringsarbeid i Korsnes.

I ettermiddag har det føregått asfaltering av vegen i Korsnes byggjefelt. I fjor vart det lagt nytt dekke frå hovudvegen og ned til det første postkassestativet ved Eidsvik sitt hus, og no fortsette dei med å leggja ny asfalt eit stykke vidare innover i feltet. I morgon står asfaltering av vegen ned mot Børnes kai for tur.

Det er NCC som utfører asfalteringsarbeidet, og Øyvind Hardeland i Kvinnherad kommune fortel at det er ein del av eit tverrkommunalt anbud. Dette samarbeidet er gjort for å få betre pris og korrekt framgangsmåte. Hardeland fortel også at det vert lagt såkalla miljøasfalt. Den vert lagt ved lågare temperatur, og det vert nytta gass til oppvarming. Den skal også vera betre i kvalitet.

Då arbeidet i Korsnes i kveld var avslutta, forflytta mannskap og maskinar seg til Børnes industriområde. Der skal vegen frå hovudvegen og ned til Hjørnevåg Fiskemat asfalterast i morgon. Ein sideveg bort til Eik Røyr skal også få nytt dekke. På vegen ned til Børnes kai er det mykje tungtransport. Det fører til slitasje, og derfor er det godt at det kjem nytt asfaltdekke no.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland